



Skulestove Solheimsdalen, Tysnes kommune

Mandag den 20 april 2015 var undertekna og driftsleiar ved Sunnhordland Museum, Tor Kaldråstøyl, på synfaring til det skulehuset i Solheimsdalen.

Synfaringa kom til i samband med planane interessegruppa for skulestova v/kontaktperson Hans Tore Brekke, har med å gjer bygget om til skulemuseum. I den samanheng vil undertekna bistå med rådgjeving.

Sunnhordland museum vil også bistå prosjektet med å restaurera vindaugo i bygget mot avtalt pris, sjå under.

Konklusjon.

Skulestova i Solheimsdalen er svært autentisk. Rett nok er det spor etter at bygget er utvida mot sør men denne utvidinga skjemmer ikkje bustaden. Her ser me eit godt døme på at lærarbustad og skulestove er i eit og same bygg. Sjølv om det er einskilde mindre lekkasjer t.d. rundt takvindaugo er bygget i teknisk god stand. Utfordringa ligg i å bruka det jamt og halda vedlike kulturminnet til glede for komande generasjonar. Ved at skulen ligg på sin opprinnelege stad set det bygget inn i ein flott kontekst som til dømes leikeområde og utfordringane ellevane hadde året gjennom for å koma til og frå skulen.

Undertekna vonar interessegruppa for skulehuset i Solheimsdalen får posetiv respons på søknader om økonomiske bidag slik at ein gjennom bygget kan formidla den rike skulehistoria som skulen representerer.

Undertekna vilstå til rådvelde for å svara på spørsmål i samban med vedlikehalds/restaureringsarbeidet

Vindauge

Vindaugo i bygget er, etter det underteikna kan sjå, dei opprinnelege som vart sett inn då skulebygget var nytt. Sunnhordland museum kan ta på seg å restaurera dei 9 vindqaugo

Det vert gjort ved å demontera/ta vindu og fakk ut og utføra arbeidet på museet sin verkstad. Dinest blir vindaugo kitta opp att og måla før dei vert monterte attende på bygget. . Dei vindaugo seom er knust vert erstatta med nye glas

Arbeidet har ei kostnadsramme på kr. 55.000 femtifemtusen

(kjellervindaugget er innstøpt i muren og let seg ikkje demontere. Arbeidet med dette og overlysvindaugget i støypjern vert halde utafør pristilbod. Ein har ikkje kome seg opp på taket for å vurdera sistnemde og lyt koma tilbake til det)

Underteikna viser til Hans Tore Brekke kva historien til skulehuset vedkjem som byggjeår, kva ulike lærarar som har hatt sin arbeidsdag i bygget og dei elevane som har fått si grunnundervisning i byggte.

Stord den 30 april 2015

Bjørn Arve Lunde

Bygningsvernkonsulent

Sunnhordland Museum